



NORSK KULTURSKOLERÅD

Sogn og fjordane

NKR S&Fj, styremøte torsdag 7.1.16 på Thon Jølster Hotell, frå kl. 1130.

Desse møtte: Grete Berntzen, Trude Skarvatun, Arne Sunnarvik, Ann Karin Ose. Dan Aasebø møtte som vara for Martin Hendrix. Ole Jakob Nedrebø.

SAKLISTE OG REFERAT:

SAK 1/16 Godkjenning av innkalling, samt ref. frå siste styremøte.

Ingen merknadar.

SAK 2/16 Møte med Kristin Sandal, Brak.

Søkje samarbeid om BLEST for aldersgruppa 13 – 19 år ila 2016. Informere lærarar om BLEST «for vaksne», og Brak generelt.

SAK 3/16 Føring av rekneskap fom 1.1.16.

Sjå sak 23/15. Avtalen med Økonomibistand er varsla sagt opp, dette vert stadfesta gjeldande frå 31.12.15. NKR si sentrale løysing overtek. Arne S er kasserar og kontaktperson. I lag med rådgjevar syter han for at korrekt info kjem til Brønnøysundregistra og Sparebanken Vest slik at kontotilgang og nytt kort vert ordna snarast.

SAK 4/16 Dei nominerte er – inkl. NRK? Økonomi.

Styret ynskjer å søkje om støttemidlar frå Draumestipendet som før. Uroleg for at ein misser god synleggjeringseffekt dersom dette arr'et må falle bort. Grete B tek dette opp på Vestlandsmøtet, og på org.saml i mai-16.

Deltakarar: dei nominerte, musikk frå Laurdagsskulen, elevar på GUT og BUT.

Stad: kunstmuseet i Førde. 9.4.16. Vi inviterer NRK.

Ansvar: AU og Ann Karin. Trude kontaktar Førde lyd og lys.

SAK 5/16 KS- møte med skule-/ barnehageutval (og div) den 25.2.

Grete, Arne og Ole Jakob stiller. Kulturinnslag? Vårt fokus:

- Prosess, alle fire kapitla (pkt 2.7. i rp)
- Opplæringslova (pkt 1.2. i rp)
- Kulturskuleeigar (dashbordmetafor), ressurscenter (spes b.hage, grunnskule, sjumilssteget, tilsyn)
- Behov for lokalt planverk – NB! Fokus på vår eigenart.

- Ynskje om å delta i felles oppvekstmøte (e.l.) frå rektorane – å vere i eit leiarkollegium lokalt
- Gode eksempel: Eid og Flora musikal, Gloppen 2.kvart år produksjon, Bremanger sal og scene, korps i skulen ..., Høyanger (write an opera)
- Tips frå Skuletinget + film derifrå
- Materiell frå Skoletinget

SAK 6/16 Laurdagsskulen – div som vart utsett frå siste møte; bl.a betaling. Ann Karin er styret sin ansvarsperson mtp begge Laurdagsskulane.

- a) Studiereise til Bergen for kunstlærarane? Prøve med videomøte/ samtalar først.
- b) Kjøpe lærarar eksternt? Ok ein gang pr skuleår, etter avtale med styret.
- c) Styret må utarbeide tydeleg budsjett og nye kontraktar fom auag16 for begge laurdagsskulane. Det må vere fokus på elevane, og det å nytte interne lærarkrefter til vanleg.
- d) Betaling for lærarar: fom 1.1.16 kr. 536,- pr. time inkl. føre- og etterarbeid. Lunsj vert servert.

SAK 7/16 Møte med fylkeskommunen vedk. samarbeid om konferansen «Felles barn – felles ansvar», og ev samkøyring med Kulturskuledagane Vest (sept. 2016).

Gode erfaringar og evaluering frå alle partar frå sept-15. Arbeider vidare med saka 21.1. når Hilde RB og Morten Chr kjem til Førde. Fylkeskommunen søkjer betre avtale med Sunnfjord hotell, det er best i høve reising sør i frå nabofylka. Fylket ynskjer å formalisere ein 3-årig avtale om dette. **Avtalt gjennomført 8.-9.9.16 på Scandic Sunnfjord.**

SAK 8/16 Plan og gjennomføring av rektormøtet fredag

Tema

- Rammeplan- arbeidet
- Svarbrev frå konf sept15 til lærarane

Sjå vedlegg.

SAK 9/16 Vestlandsmøtet 7. og 8.4. Stad, form, innhald. Heile styret møter. Førde, Scandic Sunnfjord. Litt kulturopplegg torsdag kveld, Trude ansvar.

Tema fred kl 0930 - 1515: runde rundt bordet, saker til LM (bl.a. valkomité), Dei nominerte er, + innspel frå dei andre tre fylka.

Ref.: Ole Jakob Nedrebø

Vedl 1: Vedlagt oppdatert plan for 2016.

Vedl 2: Svarbrev til lærarane

Vedl 3: Skisse rektormøtet 8.1.16

VEDLEGG TIL REF. 07.01.16:

1. Aktuelle datoar for 2016, NKR S&Fj – oppdatert pr 25.01.16

- 7.1.16: styremøte ca kl 11 – 19, truleg Skei
 - 8.1.16: rektormøte ca kl 10 – 15, truleg Skei

 - 10.-11.2.16: ansattesamling olej
 - 25.2.16: møte med KS S&Fj – oppvekst og undervisingsmøtet – ca 1 t: Grete, Arne og OleJ
 - 31.3 – 1.4: leiarkonf NMH Grete, og ev OleJ

 - 2.-3.4.: UKM fylket

 - 7.-8.4.: Vestlandsmøtet i S&Fj Heile styret
 - 9.4.: Dei nominerte er ... Kunstmuseet Førde

 - 14.-15.4.: Kykeliky, Bergen Olej, ?

 - 25.-26.5.: org.samling Trondheim Grete

 - Insp.dag aug? NEI

 - Kulturskuledagane Vest og «Felles barn – felles ansvar» 8.-9.9. på Scandic Sunnfjord

 - LM (19. og) 20.10.16, Verdal styret + olej
-
- Vår 17: Eige årsmøte mars(?)



NORSK KULTURSKOLERÅD

Sogn og fjordane

2.

Kjære kulturskulelærer

Her er rektorane sitt svar på dei gode innspela som de lærarane kom med etter konferansen på Skei i september 2015.

Innspela dykkar er gode, dei er konstruktive og kanskje går dei i ulike retningar, men det er fordi vi er ulike. Og eigenarten vår er vår styrke, den skal vi behalde og vi skal utvikle den vidare.

De ber meg velje arbeidsmåte og å involvere dykk som lærarar. Det skal eg gjere, og de må tåle å bli leia. De vil nok også kjenne på frustrasjon til tider, men stol på at vi saman finn vegen. Rammeplanen har som mål å skape ein meir heilskapleg og betre kulturskule. Den skal trygge tilboda til elevane våre og gjere kulturskulen meir relevant for dei. Den skal sørge for at du får ein betre arbeidsplass, og den gir meg verkty for å leie kulturskulen inn i framtida.

Implementeringa av rammeplanen vil gjere kulturskulen betre. Og i implementeringsprosessen vil vi gjere kvarandre betre. Det krev at vi våger å gjere ting på nye måtar- og at vi våger å gjere ting vi ikkje har gjort før. Vi må våge og tenkje som Pippi: *"Det har eg aldri prøvd før, så det klarer eg sikkert."*

"Om vi vil at ting skal forbli som de er, må saker og ting forandres"

– Giuseppe Tomasi di Lampedusa, fra boken Leoparden (1960). Om den Sicilianske adelen

Mvh

Kulturskulerektorane i Sogn og Fjordane, i fellesmøte 8.1.16.

3.



NORSK KULTURSKOLERÅD

Sogn og fjordane

Som oppfølging av konferansen i september, og ut i frå dei signala rektorkollegiet har gitt, inviterer styret til eitt felles rektormøte, i staden for å gjere det regionsvis.

Sak på møtet vert status mtp rammeplanprosessen rundt om i kommunane:

Kor står vi og kvar går vi? Tips og erfaringsdeling

Svar på brevet frå lærarkurset i september

Kva løyser den enkelte kommune sjølv, og kva kan NKR bidra med?

Korleis tek vi tak i arbeidet med fagplanane?

Anna aktuell info frå NKR

Elles tek vi oss tid til å drøfte saker som rektorane ynskjer – meld desse gjerne inn til meg, så kan eg koordinere møteplanen og sakene.

FORSLAG TIL REKTORMØTET FREDAG 8.1.16:

- Kaffi og frukt, velkomst

- Kl 1000 Aktuell info vedk rammeplan og KS v/ OleJ

- Kl 1030: fokus på kap 1 og 2 og lokalt planarbeid v/ styret
 - o Runde rundt bordet mtp status og framdrift i den enkelte kommune
 - o Samtale, spørsmål, innspel
 - o Er det nokon stad NKR må/ kan bidra? Kommunebesøk, samarbeid med nabo, andre tiltak?
 - o Svarbrev til lærarane frå konf. sept15

- Kl 1230 lunsj
- Kl 1315: fokus på Kap 3: fagplanar og kap 4: kvalitetsutvikling og ståstadsanalyse
v/ OleJ
Refleksjon rundt bordet, korleis tenkjer ein seg vegen vidare lokalt v/ styret

- Kl 1415, div info v/ OleJ
Ev kunstnarisk innslag og vel heim.